



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato  
25.11.2016  
Dykkar dato  
31.10.2016

Vår referanse  
2016/13997 421.3  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Uttale - Lindås - Gnr 58 bnr 7 - Lygre indre - Dispensasjon for frådeling av ny bustadtomt

Vi viser til brev av 31.10.2016, dykkar ref. 16/2423-16/30206, med uttalefrist 28.11.2016. Saka gjeld søknad om dispensasjon for frådeling av ny bustadtomt på gnr. 58 bnr. 7 på Lygra.

Eigedomen er sett av til LNF-føremål med omsynssone for landbruk i kommunedelplan (KDP) for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023.

#### Vurdering

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom omsyna bak føremålet området er avsett til i gjeldande arealplan, eller omsyna i føremålsparagrafen pbl. § 1-1, vert sett vesentleg til side, jf. pbl. § 19-2. I tillegg må fordelane med å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det er ei klar regional og nasjonal målsetting at det skal takast omsyn til landbruksinteressene i plan- og dispensasjonssaker. Jordressursar og kvalitetar i landskapet skal takast vare på, jf. pbl. § 3-1 bokstav b.

LNF-føremålet opnar ikkje for utbygging anna enn naudsynte tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag, jf. KDP § 4.1. Det skal takast særlege omsyn til landbruksverdiar og kulturlandskap ved handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innanfor omsynssone landbruk, jf. KDP § 7.6.

Ein del av det omsøkte arealet er registrert som innmarksbeite av Norsk institutt for skog og landskap. Frådeling av slike areal vil krevje samtykke til omdisponering etter jordlova § 9. Samfunnsnyttan bør vere stor for å ta i bruk jordbruksareal til anna føremål enn landbruk.

Fylkesmannen meiner ein dispensasjon i denne saka kan undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Vi fryktar for presedensskapande verknad ein dispensasjon kan få for frådeling av LNF-område generelt, men også for delingsaker som omhandlar dyrka eller dyrkbar mark.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er store samfunnsmessige fordelar med å gje dispensasjon, og finn etter ei samla vurdering at ein dispensasjon er uheldig.

**Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon til frådelling av bustadtomt på gnr. 58 bnr. 7 som omsøkt.**

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndigheit har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Christian Johan Alstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*